

FAU- møte 10.02.20 på Sinnes skule

Til stades: André, Svein Rune, Helin, Karine, Ole Tom (vara) og Siri (skrivar)

Meldt forfall: Odd Kjetil

Sak 1. Leksefri skule

Me hadde oppe denne saka 19.09.19, der me konkluderte at me ikkje gjekk vidare. Elevrådet har også hatt saka 09.09.19, der det blei sagt at elevane skal få lekser som er kjende for dei, slik at lekser er repetisjon for å læra noko skikkeleg godt (automatisera). Det er både arbeidstime på skulen for mellomtrinnet, og tilbod om lekselesing om dei treng hjelp.

FAU meiner fortsatt at me ikkje gjer noko for leksefri skule, då me meiner at skulen må ha det overordna pedagogiske ansvaret. FAU forventar at skulen evaluerer korleis dagens leksenivå fungerer. Dette er ein del av heim-skule-samarbeidet, så me meiner det kan takast på foreldremøte om nokon opplever dette som eit problem, eller direkte med klassestyrar/lærarane.

Sak 2. Midlertidige lokale i byggeperioden

Det er veldig bra at det nå er endeleg, og at skulen blir bygd slik planane var, sjølv om det allereie er meldt om forseinkingar med å koma i gang. Me reagerer på at formannskapet gjer eit vedtak om å flytta ungdomsskuleelevane, utan at det er snakka med elevar og foreldre i førekant.

Me kan ikkje godta at ungdomsskuleelevane får to timars busskøyring kvar dag, for dei som bur lengst unna. Bussen skal gå klokka 7 frå Ådneram, og Tonstad skule startar 08.05. Ein er tilbake til Ådneram klokka 15, og etter dette skal ein gjera lekser, og kanskje vera med på aktivitetar. Det er ikkje haldbart for elevane med så lang transporttid, som vil påverka både skulekvardagen og det sosiale livet deira elles, kraftig.

Når elevane på Tonstad skulle ha midlertidige lokale, nekta foreldre at dei skulle opp til Lunde, for det var for langt. Det blei betalt to (2) mill. til Tonstadli for leige i to år + brakkerigg (ukjent kostnad), og det blei oppgradert for 840 000 kroner på Tonstadli. Då reagerer me sterkt på at det ikkje kan finnast 200 000 kroner til å fiksa opp grendehuset. Det ligg allereie eit avvik her òg! Nå er det brukt 50 000 kroner berre på sjølve rapporten, som eigentleg berre stadfestar det arbeidsgruppa har sagt heile tida. Det er totalentreprise, og det er nøkternt.

FAU har ikkje blitt informert frå kommunen om denne saka, og det er ikkje bra. Me sende ei bekymringsmelding før jul, så me burde vore part i saka. Me vil derfor skriva eit klagebrev på vedtaket om å tvangsflytta elevane, som foreldra òg skriv under på. Det er total mangel på å sjå på kva konsekvensar dette kan gi. Det er to ulike skuleruter, med ulik ferietidspunkt både haust og vinter + enkelte andre dagar.

Andre aktuelle tiltak:

- a) Andre lokale? Dugnad på grendehuset? Spleis? Har verkeleg ikkje kommunen råd til 200 000 kroner. Gruppa som synfarte grendehuset, har konkludert at desse pengane kan takast av det vanlege vedlikehaldsbudsjettet.
- b) Medieomtale!

Sak 3. Felles foreldremøte med Tonstad skule, barnevakta

Rektor på Tonstad skule har hatt ansvar for å invitera Barnevakten.no til skulane og eit felles foreldremøte.

Barnevakten.no kjem til Sinnes 20.04 for 5.-10. klasse, og til Tonstad 04.05. Det blir foreldrekveld på Tonstad 04.05.20 kl. 19.00 på kulturhuset.

Sak 4. Vårsamlingar

Foreldrekontakten i kvar klasse har ansvar for om dei vil ha eiga samling, eller samling med Tonstad.

Sak 5. Skulegenser

Det er kome tilbod om å bestille skulegenserar. Foreldrekontaktane vil koma med meir informasjon seinare, så ser me om det er interesse for å bestilla i år.